

Høyringsvar frå Årdal Fjellstyre til Statnett sin konseptvalutredning for Indre Sogn

Årdal fjellstyre ynskjer å kome med innspel til Statnett sin konseptvalutredning for Indre Sogn, relatert til villreinområdet Vest Jotunheimen.

Vår rolle i samfunnet er at Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen og arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene. Sikre villrein sitt leveområde er avgjerande og svært sentral for fjellstyret. Årdal fjellstyre er ein del av Vest-Jotunheimen villrein området.

Per i dag går det kraftlinjer gjennom Vest-Jotunheimen villreinområde. Linjene går frå Fortun til Øvre Årdal og følgjer i stor grad same trasè som Tindevegen. Dei eksisterande linjene er ikkje heilt uproblematisk, men samstundes er villreinen i området tilpassa at dei er der og det går trekk forbi under linjene.

Årdal fjellstyre vil sterkt rå i frå nye kraftlinjer i villreinområdet. Oppgradering av nettet bør skje ved oppgradering av eksisterande linjer eller ved bygging av nye linjer som følgjer traseane til dagens eksisterande linjer.

Bygging av nye kraftlinjer direkte mellom Sogndal og Øvre Årdal (konsept 2.1 og 2.2) vil bety nye kraftlinjer gjennom kalvings- og oppvekstområda til villreinen i Vest-Jotunheimen. Får villrein sin eksistens er dette katastrofe. Det kan Årdal fjellstyre ikkje akseptera. Konsept 2.3 med oppgradering/nybygg langs dagens linje er akseptabelt, sjølv om denne typen anleggsarbeid og uro i villrein fjellet heller ikkje er uproblematisk. Årdal fjellstyre ynskjer at **konsept 2.3 blir det endelege konseptet**. Fjellstyre meiner at 2.3 er den beste løysninga ut frå eit miljø og berekraft perspektiv.

Årdal fjellstyre ynskjer at det vert gjort avbøtande tiltak og lagt vilkår som reduserer den negative påverknaden på villrein til eit minimum.

Under er nokre konkrete natur/berekraft aspekt som er direkte relatert til konsept 2.3

1. Vegen Øvre Årdal – Turtagrø vil kunne utnyttast i anleggssamanheng, gjeve eit val som går på erstatning av dei tre linene mellom Årdal og Fortun med ei ny oppgradert 420 kV line.
2. Ei 420 kV line Årdal – Fortun til erstatning frå dagens tre liner og istaden for eit Årdal – Borgund line vil sterkt redusere konflikt mellom fugl og liner, og dermed også redusere såkalte «raudrev- korridorar» langs linene.
3. Erstatning av dagens tre liner mellom Årdal og Fortun med ei 420 kV line bidreg positivt i høve til arealnøytralitet.
4. Trasévalet for ei ny 420 kV line Årdal – Fortun må følge ein av dei opprinnelege traséane som går nede i Fardalen. Dette fordi Tindevegen i dag er ei barriere for villrein og ei line som følgje vegen i størst mogleg grad vil såleis vere det valet som utgjer minst skade for villrein i anleggsperioden og seinare i driftsperioden.
5. Fjerning av 132 kV som går over Synnos, under Osestølen, vil være av stor verdi for viltet og naturopplevinga. Det vil bidra til restaurering av natur og reduserte naturinngrep sjølv med auka linjekapasitet. Fjerning av denne medfører at området vest for vegen vil framstå som urørt.

For Årdal fjellstyre

Jasmin Eminovic

Leiar